

# VRI sluttrapport (høst 2016)

Disposisjon:

## 1. VRI-prosjektet i Sogn og Fjordane

### 1.1. Organisering og gjennomføring

- Kortfattet beskrivelse av kontinuitet og brudd organiseringen av VRI fra 2007 til nå og hvilke personer/miljøer som har vært sentrale i gjennomføringen.
  - Ligger det noe læring i endringene av organiseringen?
  - Hvilket grunnlag gir dette for å skrive rapporten og hvordan har man innhentet informasjon fra faser nåværende skrivere eventuelt ikke har deltatt i.
- 
- VRI1, VRI2 og VRI3 har alle hatt Sogn og Fjordane fylkeskommune som prosjektansvarleg.
  - Samhandlingsprosjekta har vore forankra i den regionale partnarskapen ved Næringsforum Sogn og Fjordane. Næringsforum består av Sogn og Fjordane fylkeskommune(leiing), Fylkesmann i Sogn og Fjordane, NHO Sogn og Fjordane, LO Sogn og Fjordane, KS Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sogn og Fjordane, NAV Sogn og Fjordane, Innovasjon Norge Sogn og Fjordane.
  - VRI-prosjekta har hatt tre ulike prosjektleiarar, tre ulike konsortium og tre ulike styre (der nokre medlemmer, som Solveig Willis, næringslivsrepresentant Salmon Group, har delteke i fleire periodar og sikra kontinuitet)
    - Partnarskapen har utvikla seg, men med stor kontinuitet jfr. styret frå 2007 : Sogn og Fjordane fylkeskommune; Innovasjon Noreg - Sogn og Fjordane; Innovasjonsforum i Sogn og Fjordane; NHO, Sogn og Fjordane; LO, Sogn og Fjordane; Inkubatoralliansen i Sogn og Fjordane; Vestlandsforskning; Høgskulen i Sogn og Fjordane. Noregs forskingsråd (v/regional representant som observatør). VRI1 og VRI2 –styra var og styre for VRI Innovasjonsprosjekta. I VRI3 er næringslivsrepresentasjonen i styret større og representerer temaområda.
    - Prosjektleiar i VRI1 var Forskningsrådet sin regionale representant, Dag Lothe, med erfaring som meklar/teknologi-attaché i Forskningsrådet sitt programforløpar for VRI (TEFT:1994-2004) og CMR Research. Supplert med kurs VRI-sekretariatet gjennomførte sentralt skulerte han dei meklarane i VRI og sette tydeleg preg på korleis kompetansemeklingsrolla skulle utførast i Sogn og Fjordane. Med sin kontorstad i lokala til Innovasjon Norge Sogn og Fjordane og delt stilling i fylkeskommunen sikra han for god intern kontakt i konsortiet. I dei seinare VRI2 og VRI3 har Dag vore aktiv observatør i arbeidsgruppe og styre.
    - Prosjektleiar i VRI2 var Jøril Hovland i Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane. Ho gjorde nytte av det fylkesdekkande nettverket av grunderbedrifter og næringshagar Kunnskapsparken føl opp for å avdekke bedrifter med behov for forskningsmobilisering. Jøril var kompetansemeklar frå siste del av VRI1.
    - Prosjektleiar i VRI3 var Øyvind Heimset Larsen ved Vestlandsforskning. Vestlandsforskning (ved Øyvind og Ingjerd Skogseid) deltok i Forskningsrådet sine regionale satsingar frå 2004, som meklar og prosjektleiar (Ingjerd) i MOBI- Kompetansemeklingsprosjektet i Sogn og Fjordane- og VS2010- programma, forløparane til VRI. Øyvind var og deltemaleiar for Kompetansemekling i VRI1.
  - Meir om organisering og gjennomføring av dei ulike satsingane:
    - I forløparane til VRI var leia av Vestlandsforskning frå 14.08.2004 - 30.12.2006. «Hovudmålet med prosjektet er å etablere ei forskningsbasert kompetanseformidlingsteneste i Sogn og Fjordane basert på ein brei regional koalisjon med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Innovasjon Norge distriktskontor Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning med prosjektleiing og to kompetansemeklarar tilsett hjå Vestlandsforskning. Den forskningsbaserte kompetanseformidlinga skal serleg følgje opp dei store omstillingutsfordringane næringslivet i fylket står ovanfor og skal vidare legge vekt på internasjonal samhandling og nettverksbygging.». For å sikre ein overgang frå 2006 til VRI programmet (start 2 halvår 2007) tilbydde Forskningsrådet å forlenga kompetansemeklingsprosjektet til 30. juni 2007.
    - VRI1 (2007-2011): Samhandling og innovasjonsprosjektet rapporterte til same styre. Satsinga er ei vidareutvikling med sterkare regional forankring frå forløparen. Kompetansemeklarane frå Vestlandsforskning, Høgskulen og Kunnskapsparken skal byggje bru mellom bedrift og forskingsmiljø. Saman med næringslivet vart det bestemt at fokus for innsatsen i Framtidsfylket var bedrifter i Sogn og Fjordane, uavhengig av bransje, men med FoU- behov. Prioriterte temaområda var: Reiseliv, Fornybar energi, Marine næringar og Endringsleiring. HiSF hadde særleg ansvar for reiseliv, HiSF/Bedriftsnettverket for Fornybar energi, Vestlandsforskning for Endringsleiring og bransjeoverskridande kompetansemekling (her bidrog og Kunnskapsparken). Ein personressurs i halv stilling frå næringsavdelinga hadde ansvar innan marine næringar. Dette og for å sikre god dialog med nabofylka (fylkeskommunane hadde felles prosjektsatsingar). Regional representant for Forskningsrådet var aktiv som meklar på dei ulike temaområda. Arena For Samhandling (ASK) var samhandlingsforumet for koordinering av innsats. ASK hadde møte ein gong i kvartalet. Kompetansemeklarane

har ansvar for å melde inn aktuelle tema utover faste postar. Her deltok kompetansemeklarane frå HSF, Vestlandsforskning og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Innovasjon Noreg og regional representant.

- VR12 (2011-2013): Samhandling og innovasjonsprosjektet rapporterte til same styre. VR1-styret starta behandling av ny søknad i januar 2010 med ei evaluering. Som oppfølging vart strategi og prioriteringar for VR1 Sogn og Fjordane 2011-2013 teke opp i fylkestinget (8.6.2010). Etter eit avslag på første søknad og påfølgande redusert delfinansiering frå NFR i 2010, vart det vald å halde oppe to av dei tre innsatsområda fornybar energi, marine næringar og reiseliv, som no var godt forankra i FoU-strategien for næringsutvikling. Reiseliv vart ikkje med i satsinga etter budsjettredusjonen. I tillegg vart gode erfaringar med bransjeoverskridande kompetansemekling vidareført som ein vesentleg del i VR12. I VR1 1 bygde ein opp mange kompetansemeklarar. I VR1 2 ønskte prosjekteigar å konsentrere aktiviteten om færre personar og bygge Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane som utviklingsaktør. Sogn og Fjordane fylkeskommune, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og Vindkraftforum var partnarar i konsortiet. Kunnskapsparken vart prosjektleiar med ansvar for bransjeoverskridande kompetansemekling. Vindkraftforum fekk ansvar for fornybar energi og leigde inn Bedriftsnettverket i Sogn og Fjordane til å utføre prosjektet. Konsulentmiljøet Segel AS vart engasjert for å følgje opp marin næring og Vestlandsforskning i nokon grad for bistand på bransjeoverskridande kompetansemekling. Kvart temaområde hadde om lag 0.5 årsverk som ressursgrunnlag. I tillegg var også no regional representant frå Forskningsrådet aktiv bidragsytar i feltarbeid, rådgjeving og på møter. I VR1 2 skulle kompetansemeklaren legge auka vekt på Kompetansemekling med utgangspunkt i behov formulert av ei gruppe bedrifter i høve VR11.
- VR13 (2014-2016): Samhandling og innovasjonsprosjekt er ikkje kopla saman og underlagt same styre. Avslag på første og andre søknad medførte ein større intern prosess Vestlandsforskning fekk i oppdrag å leie lokalt før tredje samhandlingssøknad fekk gjennomslag og arbeidet kom i gong igjen, då med prosjektoppstart 1.juli. Konsortiet vart i denne prosessen endra. Det nye konsortiet bestod av Sogn og Fjordane fylkeskommune (eigar), Vestlandsforskning, HiSF, Njøs Næringsutvikling og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane. Dei prioriterte innsatsområda vart energi, mat og reiseliv, og teknologi/IKT. Mobilitet vart ei satsing på tvers av områda. Vestlandsforskning vart prosjektleiar og delprosjektleiar for teknologi/IKT. HiSF fekk eit ansvar for mobilitet. Kunnskapsparken fekk ansvar for energi. Njøs fekk eit ansvar for mat og reiseliv, og leigde inn supplerande kompetansemeklings-ressursar frå fylkeskommunen innan marin næring (blå mat) og Vestlandsforskning (koplinga lokal mat og reiseliv). Nye meklarar vart utdanna og involvert i høve VR12. Verkemiddelet kompetansemekling og bedriftsprosjekt vart satsa vidare på, men dialog og mobilitet vart satsa meir enn før på. Arbeidsgruppa med deltemaleiarar og regional representant har fire årlege formelle møter. To til tre årlege styremøter er og konsortiesamlingar for å involvere styret aktivt i læring, handlingsplanar og oppfølging.
- Måten prosjekta har vore organisering og leia på har fungert, og erfaringane som er gjort ligg til grunn som eit fundament for ei ny regional satsing. VR1 1,2, og 3 har vore ein pådrivar for forskningsbaserte utviklingsprosessar og fått fram gode forskingsprosjekt til regionale, nasjonale og internasjonale finansieringsordningar
- Sentrale personar og fleire miljø har vore aktive i ulike roller i dei tre programma og dette har støtta kontinuitet.
- Søknader som ikkje har nådd fram i nasjonal konkurranse har ved fleire høve vore ei utfordring, mellom anna fordi det har medført seinare oppstart og opphold mellom satsingane. Søknadsprosessane har påverka organiseringa. Dette påverka både VR12 og VR13, særleg første halvår 2011 og 2014.
- Prosjektstorleik kan ha påverka gjennomføringa. Sogn og Fjordane har hatt mindre budsjett enn andre fylke, men sjølv med små midlar har det vore god aktivitet. I VR1 3 var vi det siste fylket som kom i gong med samhandlingsprosjektet. I årsrapport for 2013 (VR12) vert dette påpeika: «Generelt ynskjer vi å formidle at VR12 Sogn og Fjordane er eit lite prosjekt med få aktørar involvert, samtidig som bedriftene i Sogn og Fjordane er små og det krev mykje å få dei til å prioritere og setje av ressursar til FoU.»

## 1.2. Situasjonen da VRI startet

- Hvordan var samarbeidet mellom Tripple helix-aktørene før VRI startet?
- Hvordan var næringslivets bruk av FoU?
- Hvordan var FoU-miljøenes relasjoner til næringsliv og forvaltning?

VRI2 Innovasjonsprosjektet dokumenterte status i det regionale innovasjonssystemet med trippel heliks –strukturane i fylket



**Figur 1: Særtrekk ved innovasjonssystemet i Sogn og Fjordane (frå Nesse og Skogseid (2014))**

Alle tre elementa i trippel heliks vil eksistere også i rurale innovasjonssystem, men den rurale trippel heliksen i Sogn og Fjordane er annleis enn den vi finn i sentrale strøk. VRI 2-forskarprosjektet i Sogn og Fjordane har funne ein del særtrekk ved trippel heliks her:

- Multipleksitet: Det er eit overlapp mellom dei ulike nettverka, og dette gir sterke band og betre informasjonsflyt og læring mellom nettverka
- «Counter»-nettverk: Mobilisering av ressursar for å henge med, unngå å bli forbikøyrd av nasjonale eller internasjonale aktørar
- «Nærleik» til avgjerdstakarar: Som hovudregel er sentrale aktørar tilgjengelege. Koplar ein denne til multipleksitet så møtest mange aktørar i flere samanhengar og det er muleg å gjennomføre raske prosesser
- Variasjon i balansen mellom elementa: Næringslivet er prega av små aktørar, knappheit på ressursar (tid). Vi har relativt små FoU-miljø med god kompetanse på enkelte område. Ein relativt sterkt offentleg sektor samanlikna med dei andre aktørane

Status for strukturane har ikkje endra seg i VRI-programperioden, men samarbeidet har utvikla seg positivt frå 2007-2016.

Dei få store verksemndene med eigne forskingsmiljø internt, Hydro (i Høyanger), Elkem (i Bremanger) og Helse Førde er utanom denne strukturen. Dei har historisk sett i liten grad samverka med andre regionale miljø.

Partnarskapsarenaen i Næringsforum har heile tida hatt ansvar for å følgje opp dei politisk vedtekne planane.

Vestlandsforskning og HiSF deltok kvar for seg i nasjonale program i regi av Forskningsrådet. Ein av dei var som nemnt forløpar til VRI (forskningsbasert kompetansemekling- MOBI-programmet). Denne satsinga var eit fundament å lære av og bygge vidare på i VRI1.

Dei små, involverte FoU-miljøa var alt i 2007 tett på forvaltning, men hadde i ulik grad relasjonar til næringsliv. Desse relasjonane var gjerne individuelle eller knytt til eit avgrensa tal bransjar (som reiseliv og landbruk). Utviklingavtalar som vart inngått mellom Fylkeskommunen og HiSF og Vestlandsforskning har undervegs styrka samarbeidet og relasjonane til forvaltning vesentleg.

Eit fylke med mange småbedrifter har eigne utfordringar knytt til forsking. Fylkesspegelen si oversikt over «Innovasjon, nytableringar og overleving» viser at bedrifter etablert i 2007 lever lengst i landet. Det var ein større prosentdel av føretaka innan alle dei store bransjane som overlevde minst fem år i Sogn og Fjordane samanlikna med resten av landet. Men diverre finn ein samtidig at Sogn og Fjordane har hatt den største nedgangen i FOU-utgiftene i perioden frå 2001 til 2012. Nedgangen har vore på 14,2 prosent målt i faste 2010-kroner. Dette skuldast i stor grad ein reduksjon i aktiviteten innafor prosessindustrien.  
<http://www.sj.no/innovasjon-nytableringar-og-overleving.343535.nn.html>

Ny statistikk frå SSB slår fast at bedrifter i fylket diverre ikkje har forska meir frå 2010 til 2014, slik som nabofylka. Næringsstrukturen – med stor grad av primærnæringer- og konjunkturar mellom 2010 og 2014 kan ha noko skuld for dette. Vi trur VRI har vore eit positiv krafttak mot ei negativ utvikling. <http://www.ssb.no/teknologi-og-innovasjon/statistikker/foun>

FoU-personale, FoU-årsverk og FoU-kostnader, etter region, tid og statistikkvariabel

	2010		2011		2012		2013		2014	
	Kostnader til egenutfort FoU (mill. kr)	Kostnader til inkjøpt FoU (mill. kr)	Kostnader til egenutfort FoU (mill. kr)	Kostnader til inkjøpt FoU (mill. kr)	Kostnader til egenutfort FoU (mill. kr)	Kostnader til inkjøpt FoU (mill. kr)	Kostnader til egenutfort FoU (mill. kr)	Kostnader til inkjøpt FoU (mill. kr)	Kostnader til egenutfort FoU (mill. kr)	Kostnader til inkjøpt FoU (mill. kr)
11 Rogaland	1 292	1 062	1 291	941	1 546	1 020	1 795	990	1 889	1 004
12 Hordaland	1 108	307	1 301	356	1 406	343	1 367	317	1 684	312
14 Sogn og Fjordane	265	47	233	25	220	30	195	45	256	60
15 More og Romsdal	627	119	498	106	695	141	695	101	794	122

Fotnote(r):

Ved regionalisering beregnes det nye vekter. Dette betyr at de nasjonale tallene vil avvike noe fra summen av fylkene.

Vri har styrka relasjonar til deltakande næringsliv. Både i einskildprosjekt mellom bedrift og forskingsmiljø, og mellom bedriftsnettverk og forskingsmiljø. Kanskje särleg det siste har varige effektar. Mange småbedrifter har ikkje kapasitet eller kunnskap til å etablere eller ta initiativ til forskingsprosjektsatsingar som løysar eigne behov på eiga hand. Då er samarbeid og nettverk ein modell for å lukkast. Små ubyråkratiske bedriftsprosjekt, lågterskeltilbod som kompetansemekling, samt skattefunn har vist si nytteverdi i VRI.

### 1.3. Prosjektmålene for VRI 1-3

- Hva var målene i starten av VRI-arbeidet og hvordan har de utviklet seg i løpet av perioden?
- Hendelser i perioden som har gitt grunnlag for endringer i hva som har vært målene for VRI
- VRI1: Målet med VRI SFj 2007-2010 var delt:
  - gode arenaer for samarbeid og dialog mellom FoU-miljø og bedrifter
  - leggje til rette for at bedrifter tek i bruk høg FoU-kompetanse
  - skape tettare samarbeid mellom forvaltning, næringsliv og forsking
  - auke FoU-miljøa sin relevans for næringslivet
- Evalueringa oppsummerte erfaringane slik:
  - Kompetansemekling har fungert svært godt og den bedriftsretta aktiviteten var god.
  - God mobilisering og koordinering av det offentlege tiltaksapparatet
  - Auka samarbeid og samhandling i partnarskapet
  - Auke FoU-aktivitet i bedriftene
  - Tematiske satsingar har eit klart forbettingspotensial
  - Det bransjemessige prioriteringa har samla sett ikkje gitt forventa resultat
  - Internasjonalisering har ikkje fått det omfanget som er ønskeleg
  - VRI har hatt mindre totaleffekt enn ønskeleg i dei regionale FoU-miljøa
    - Konklusjonen var at VRI SogFj 2007-10 var ein betinga suksess. I VRI-prosjektet 2007-2011 var kompetansemekling den heilt dominerande aktiviteten. Ei rekke gode bedriftsprosjekt vart sette i gang. Aktiviteten, som også vart nyttा utanfor dei prioriterte innsatsområda, bidrog til at kompetansemekling vart ein etterspurt aktivitet frå mange bedrifter. Den praktiske hjelpa dei har fått i samband med prosjektutvikling, har vore like viktig som den økonometriske prosjektstøtta. Dette har vore sett i samanheng med ein av hovudstrategiane i den næringsretta FoU-strategien, nemleg å mobilisere bedriftene til å definere eigne FoU-behov. Dette lukkast godt.
- VRI2: Mål med VRI2 var todelt:
  - Mobilisere bedrifter til å definere eigne FoU-behov.
  - Sikre eit systematisk og langsigktig FoU-arbeid innanfor prioriterte bransjar.
  - Delmåla var at VRI Sogn og Fjordane skulle:
    - bidra til å nå måla i FoU-strategien for næringsutvikling
    - auke tal på og kvaliteten av FoU-prosjekt i næringslivet.
    - styrke FoU-miljøa som samarbeidspart for næringslivet
    - promotere regionale bedrifter og FoU-miljø i internasjonale FoU-prosjekt
    - aktivt formidle informasjon til partnarskapen og andre interessentar lokalt, regionalt og nasjonalt
    - etablere kontaktpunkt og prosjekt mellom innovative marine bedriftsnettverk og FoU-miljø
    - utvikle kunnskap om innovasjon i SogFj, rammevilkår, hinder og gode modellar og utvikle det innovasjonsfaglege FoU-miljøet i kunnskapsinstitusjonane
  - Erfaringane frå VRI2 frå årsrapporten for 2013 var at:
    - Vi opplevde at vi ikkje lukkast i full grad i satstinga innafor fornybar energi. (Vindkraftbransjen og småkraftverk)
    - bransjeuavhengig kompetansemekling gav svært gode resultat innafor fleire område. Tenesta er kjent og kompetansemeklarane blir kontakta av bedrifter med prosjekt og av næringsapparatet, både førstelinjenestenesta i kommunane og andre
    - Innafor den marine næringa opplevde vi ei meir positiv innstilling til forskingsprosjekt. Arbeidet som har vore lagt ned i VRI-samanheng har gjort mulegheitene kjent og skapt interesse for å delta. Det har herska ei viss skepsis i bransjen spesielt i høve bruk av skattefunn, som resultat av


- ei uehdig sak der skatteetaten underkjende rekneskapen til eit slike prosjekt i 2006, med krav om tilbakebetaling av midlane. Gjennom VR12 har vi etablert kontakt med fleire bedrifter, og det ser ut som tilliten til FoU-prosjekt er på veg attende
- VR12 sitt arbeid har bidrege til at bedrifter er knytt tettare til forskingsinstitusjonar og kunnskapsmiljø, samtidig som det regionale kunnskapsmiljøet får utvikle seg og auke posisjonen sin i FoU-miljøet i ein større skala.
- VR13: Samhandlingsprosjektet i Sogn og Fjordane har som overordna mål:
  - å stimulera til meir forskingsbasert innovasjon for større verdiskaping og konkurransekraft i bedriftene innan dei prioriterte innsatsområda energi, mat og reiseliv, og teknologi/IKT.
  - Hovudmålet skulle næast gjennom følgjande tre delmål:
    1. Vidareutvikla og styrka samhandlinga i det regionale innovasjonssystemet
    2. Næringslivet skal i større grad ta i bruk forskingsbasert kunnskap
    3. Betra samsvaret mellom næringslivet sine behov og kunnskapsmiljøa sine tilbod

#### 1.4. Satsingsområder

- Hva var satsingsområdene i starten, hvilke endringer har skjedd underveis og hva har vært grunnlaget for de endringene i satsingsområder som har skjedd?
  - Ulike tema har vore satsa på i dei tre VR1-programma. Dette er ei utdjuping av 1.1
  - I VR1 var samhandlingsprosjektet bygd opp kring fire innsatsområde med følgjande grunngjeving:
    - Reiseliv: Fylket vert omtalt som "indrefileten" i norsk reiseliv. Fjordane våre er utnemnde som verdas vakraste reisemål. Samtidig skal vi ivareta den skjøre verdsarven. Dette inneber fantastiske mulegheiter og store utfordringar.
    - Marine næringar: Fylket er eit stort oppdrettsfylke, der bedriftene innanfor marinsektor har vist seg å vere innovative. Men potensialet i næringane er enno ikkje fullt utnytta.
    - Fornybar energi: Fylket er eit fylke med lange tradisjonar innanfor energi, i ein periode der global oppvarming er eit heitt tema. Dette kan gi oss særlege fortrinn.
    - Endringsleiing: Fylket er eit fylke der mange bedrifter står overfor utfordringar knytt til endra rammevilkår og endringar i marknaden. For å sikre vidare utvikling av desse verksemndene, er det viktig å opparbeide kunnskap om dei endringane og endringsprosessane som dei står overfor. Partnarskapen var også samd om at ein skulle leggje vekt på å utvikle kunnskap kring "endringsleiing". Det skulle skje med særleg vekt på bruk av it og organisasjonsutvikling som reiskapar for å snu produktorienterte bedrifter til å verte marknadsorienterte, og dermed auke verdiskapinga. Dette var ei utfordring for mange verksemder i fylket. I VR1 SogFj var dette særleg knytt til vidareføring av eit vellykka samarbeidsprosjekt innanfor VS2010 (Verdiskaping 2010).
      - «For å kunne utløyse potensialet og takle utfordringane i åra framover, er det nødvendig å kople næringslivet tettare til forskingsmiljøa. Det er dette vi vil leggje til rette for i VR1 Sogn og Fjordane.(VR11)»
  - I VR12 vart det som skissert i 1.1 vidareført tre tematiske innsatsområde og Endringsleiing vart erstatta av bransjeuavhengig kompetansemekling
    - Innsatsområde 1 – Fornybar energi: Vindkraftforum i Sogn og Fjordane var ansvarleg institusjon, og dei leigde inn Bedriftsnettverket i Sogn og Fjordane v/Ole T. Kleiven som prosjektleiar. Innanfor Fornybar Energi har temaleiar i hovudsak arbeid med å utvikle innovative nettverk av bedrifter og felles prosjekter der målet er å mobilisere FoU aktivitetar mellom bedriftene samt å styrke, samordning og samhandling mellom næringsliv, forskingsmiljø og forvaltning. Generelt i arbeidet som temaleiar i VR1 fornybar energi har det vert lagt vekt på å bruke kompetansemekling. For å utvikle innovative nettverk har temaleiar og arbeida opp mot nettverk av bedrifter. Temaleiar har og arbeida for å bidra til å etablere gode samarbeidstilhøve for bedrifter som vil satse på fornybar energi. Det har og vert viktig å prøve å skape tettare dialog mellom bedrifter, forvaltning og FoU - institusjonar, og bidra til god koordinering av dei prosjekta - og offentlege støttetiltak som alt er oppretta.
    - Innsatsområde 2 – Marin Næring: Segel AS vart engasjert av VR1 Sogn og Fjordane i 2012 og 2013 som delprosjektleiar for satsingsområdet Marin. Ansvarlig temaleiar i 2013 var partner og leiar for marin avdeling Jon Erik Steenslid. (Marin var utan temaleiar i 2011 då ressurs i Fylkeskommuen slutta. Men meklarar i bransjeuavhengig KM lukkast godt med oppfølging av td. Sogn Aqua til tross for dette). Aktivitetane har i all hovudsak bestått av oppsøkande verksemd i form av telefonsamtalar, bedriftsbesøk, messebesøk og deltaking på fellesmøter for å informere om VR1 Sogn og Fjordane. I tillegg har temaleiar også vært aktiv deltakar i møter og dialogar mellom bedrifter og FoU-institusjonar for å bidra til at både prosjekt og prosessar har vore utført på ein hensiktmessig måte for alle partar, og for å sikre at desse har hatt naudsynt framdrift. Ein har og vore delaktig i etableringa av Marint Vekstforum i Sogn og Fjordane, eit vertikalt og horisontalt nettverk for oppdrettsselskap og den tilhøyrande leverandørindustrien i fylket.
    - Innsatsområde 3 – Bransjeuavhengig kompetansemekling: Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane as v/Jøril Hovland, var ansvarleg for det bransjeoverskridande kompetansemeklingsarbeidet.

Vestlandsforskning v/Oyvind Hemset Larsen vart leigd inn i delstilling som kompetansemeklar av Kunnskapsparken

- I VR13 vart dei prioriterte innsatsområda vart energi, mat og reiseliv, og teknologi/IKT. Mobilitet vart ei satsing på tvers av områda.
  - Teknologi/IKT var nytt innsatsområde for nye næringar, som og skulle møte industri-utvikling betre.
  - Marin næring vart del av tema «mat og reiseliv»
  - Bedrifter som ikkje inngår i temaområda, får likevel støtte til mobilisering. Mobilsering på tvers av tema har heile tida vist gode resultat i VR1. (Kompetansemekling og bedriftsprosjekt. Kompetansemeklarar innan to tema har reist ut saman, (døme Energi og IT, Energi og teknologi). Fylket har små og tette miljø der aktørane treff kvarandre i ulike settingar.)
- Nokre erfaringar:
  - Reiselivssatsing viser i VR13 vesentleg betre resultat enn VR11. Koplinga mat-reiseliv har vore vellukka og naturleg, då både mat og reiseliv for seg har eigne separate støttesystem utanom VR1 der koplingane ikkje har vore ivaretekne. Reiseliv var ikkje eiga satsing i VR12.
  - Energi viste skuffande resultat i VR11 og VR12, men gode resultat i VR13.
  - IT/Teknologi har vist gode resultat i VR13 der dette har vore nytt tema.
  - Marin temasatsing gav små resultat i VR11, gode resultat i VR12 og gode resultat i VR13 (Med tre ulike kunnskapsmiljø)
  - Mobilitet har mot slutten av VR12 og no i VR13 vist gode resultat
- Verktøykassa som har vore nytta i VR1-prosjekta er:
  - Foresight- ei lite vellukka utprøving i VR11 første til at verkemiddelet vart ikkje nytta igjen
  - Kompetansemekling- vellukka i alle VR1. Offentleg kompetansemekling vart utprøvd i eit RFF Vest prosjektsamarbeid på Vestlandet (IRIS, HiB, Vestlandsforskning).
  - Bedriftsprosjekt – vellukka i alle VR1 vert oppfatta som ubyråkratisk i høve andre verkemiddel.
  - Dialog/Nettverk – lite nytta tidleg, men vart stadig viktigare frå VR11-VR13. Metoden som har vore nytta i VR1 er som regel at ein i samarbeid med initiativbedrift eller intittivtakarnettverk inviterer bedrifter og andre aktørar ein meiner kan ha nytte av å diskutere ein problemstilling/eit behov i ein bransje. Møtet startar med at VR1 og intittivtakar og deltakarar vert presentert, saman med konferansen sitt mål, metode og tema. Så følgjer nokon faglige innlegg og døme frå bedrifter som grunnlag for vidare diskusjon. Ei arbeidsgruppe vert så invitert/inviterer seg sjølv til å følgje opp diskusjonane og fasilittere nødvendig mobilisering til forskingsprosjekt for ny kunnskap.
  - Mobilitet – nytta med stadig større effekt på slutten av VR12 og i VR13. Studentmobilitet og forskarmobilitet.
- Erfaringar med verkemiddela og utvikling
  - Foresight: regional foresight/framtidskonferanse td. innanfor reiseliv for å drøfte og trekke opp strategiar for utviklinga av opplevingsnæringane i fylket, eller innanfor energi - ikkje nytta etter testen i VR11
  - Kompetansemekling- Utgangspunktet i første søknad i 2007 var dette «Vi ønskjer å opprette eit team av kompetansemeklarar, der vi ser Sogn og Fjordane og eit eller fleire andre vestlandsfylke under eitt. Kompetansemekling skal vere innretta også mot bedrifter utanom satsingsområda. Det vert viktig å få til ei samordning og rolledeeling innetter i "kompetansemeklarkorpset". I figuren nedanfor har vi illustrert arbeidet med kompetansemekling:»



Utgangspunktet i 2007 var at «Minimum må ein starte med to meklarar i halv stilling. Meklarane skal kome frå VF eller HiSF.». Rolla har ikkje endra seg, men nye meklarar er lært opp frå andre typar organisasjonar og god kompetansemekling er ein personavhengig fagdisiplin. Den krev dedikert innsats over tid av meklarar som kan levere gode resultat om dei greier forstå og kommunisere godt både med bedrift og med forskingsmiljø.

- Bedriftsprosjekt – vellukka fram til siste del av VRI3. Det vert oppfatta som ubyråkratisk i høve andre verkemiddel. Ein god første terskel for at bedrifta skal få oppleve den positive effekten/nytten av eit forskingsprosjekt. Grunnlaget for dette har vore samarbeidet med Innovasjon Norge Sogn og Fjordane.
- Dialog/Nettverk – vart nyttja meir og meir (lukkast ikkje i VRI1, med eit veldig viktig unntak for ei suksesshistorie, og betre frå VRI2). Prosjekta har hatt som føring at ein må etablere eigne arenaer der dette er rett, men i nokre samanhengar vil VRI heller bidra på eksisterande arenaer og på arenaer partnarane etablerer.
- Mobilitet – utvikla seg positivt i VRI. Lukkast ikkje i VRI1, men lukkast særleg siste år i VRI2 og i VRI3-, mange studentoppgåver, studieturar og to konferansar, ein nærings-PhD vart godkjend våren 2015 (Fylket har ei unik Bedrifts-PhD ordning forvalta av Innovasjon Norge (fram til VRI3) finansiert av Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Sparebanken i Sogn og Fjordane. I prosjektet skal ein utarbeide eit dr. gradsprosjekt, bli tatt opp som dr. grads kandidat på ein dr. grads givande institusjon og sende søknad om støtte frå Nærings Ph.D.)

## 2. Arbeidet i den siste VRI-perioden

- Mål og satsingsområder for VRI3 vil framgå av det som står i kapittel 1. I dette kapittelet kan dere derfor konsentrere dere om å gi en beskrivelse av aktivitetene i VRI 3. I søknaden for VRI 3 vil det gjerne ligge en begrunnelse for dette basert på tidligere års erfaringer, som kan innlede denne framstillingen.

## 3. Resultater av VRI

Hovedvekt på VRI 3, men gjerne kommentarer i et lengre tidsperspektiv

### 3.1. Samarbeid mellom triple helix-aktørene i regionen

Hvordan og med hvilke resultater har VRI styrket samhandling og kunnskapsflyt mellom bedrifter, forskningsmiljøer og offentlige aktører? VRI har styrka samhandling og kunnskapsflyt. Og vi ser at behovet for innsats på området er stort.

- Prosjektet har adressert ei krevjande oppgåva skissert i søknaden om å styrke samhandlinga i innovasjonssystemet.

1. Vidareutvikle og styrke samhandlinga i det regionale innovasjonssystemet	<b>T1.1</b> VRI skal styrke dialog og informasjonsflyt både i og mellom utvalde næringsnettverk, FoU-nettverk og trippel heliksnettverk	<b>R1.1</b> VRI skal delta på minimum 5 eksisterande arenaer/møteplassar pr. år, og formidle kunnskap og informasjon på tvers av arenaer og avgjerdsnivå. Total 12 samhandlingsmøte. Eksisterande møteplassar er t.d. Arena Frukt og bær, NCE Tourism, Møte i maritim forening, nettverk under IT-forum .
	<b>T1.2</b> VRI skal bidra til at det regionale innovasjonssystemet skal lære og bli betre til å nytte verkemiddel for næringsutvikling	<b>R1.2</b> VRI skal ha god verkemiddelbruk som tema for internmøte/ erfariingsseminar minst ein gong årleg. Representantar frå Innovasjon Norge, Regionalt forskingsfond eller andre VRI-regionar blir inviterte. Feltarbeidarane i VRI inndeiar om erfaringar.
	<b>T1.3</b> VRI skal undervegs utvikle strukturar og rutinar for å få til betre dialog med aktørane. VRI skal systematisk og regelmessig evaluere, reflektere og korrigere tiltak for å betre samhandlinga	<b>R1.3</b> VRI skal ta opp samhandling som tema på kvart styringsgruppe- og konsortiemøte. VRI skal ta opp samhandling som tema på møta med dei utvalde nettverka i tiltak 1.1. VRI skal formidle innspel og kunnskap frå feltarbeidet til relevante politiske prosessar i fylket, som Verdiskapingsplanen, når dette vert spurt etter. VRI inviterer relevante kundeansvarlege frå Innovasjon Norge og Forskningsrådet sin regionale representant til prosjektgruppemøte minst 4 ganger i året. Prosjektleiar vil også ha kontakt med relevante kundeansvarlege i samband med tildeling av bedriftsprosjekt.
	<b>T1.4</b> VRI skal formidle oppdatert kunnskap om VRI og VRI-verkemiddel	<b>R1.4</b> VRI skal formidle god informasjon på møtearena og på internett, helst gjennom eksisterande informasjons- tenester.

- T1.1 (delmålet) har god måloppnåing i prosjektet med bruk av tiltaka i R1.1. Møteplassdeltakinga og fasiliteringa har vore særskilt godt i prosjektperioden.
- T1.2 er adressert av R1.2 med eit årleg felles læringsarena på Vestlandet, i fjer i Stavanger, i år i Bergen 12.-13.september. Arrangør har vore VRI Hordaland, Rogaland, Sogn og Fjordane og RFF Vestlandet. Vi meiner dette har vore ein suksess. Læringsseminara har vore fulgt opp av telefonmøter mellom prosjektleiarane i VRI og leiar av RFF Vestlandet.
- Særleg utfordrande er T1.3 (delmålet) der R1.3 er handlingsplanen.
  - Et spørsmål er om R1.3 har ført til at betre strukturar og rutiner er innført. Dei faste styremøta er som planlagt utvida til konsortiesamlingar. Dette har fungert godt ved at temaleiarar har presentert erfaringar og case og diskutert rutinar og beste praksis med styret. Styret har også reflektert over strukturar, men dette har ikkje i seg sjølv endra strukturane i organisasjonane.
  - Prosjektleiar i VRI har deltatt på møte og samlingar om iverksetjing av Verdiskapingsplanen til fylket, i møte med Næringsforum og i møte med RFF-representanten i fylket, Arne M. Johsen.
  - Dag Lothe er fast medlem på dei fire formelle arbeidsmøta til delprosjektleiarane i året. Han har kontor hjå IN på Leikanger og tett kontakt med RFF Vest-representanten i fylket. God dialog med IN sine kundeansvarlege har vore knytt til prosjektinitiativa, nokre felles dialogmøte (som

Velferdsteknologi-informasjonsmøte og informasjonsturné i Næringshagar som i Stryn) og vi har føreset at tett partnardialog er sikra med Dag Lothe si aktive observatørrolle.

- Strukturutvikling hjå partnarane
  - Vestlandsforskning i forkant av prosjektet sikra forankring i leiing og styre for at denne måten å arbeide på skal ha prioritet og har undervegs utvikla fleire forskarar til å kunne ta i bruk verktøykassa i VRI. Dialogen og kontakten med deler av næringslivet i fylket har difor blitt tettare. Kontakten med partnarane er styrkt og vidareutvikla i prosjektet.
  - HiSF har med studentmobilitet utvikla ein tettare kontakt med næringslivet som synleg resultat av VRI. Internt har dei små VRI-midlane vore utløysande for ei varig endring, med bachelor-oppgåver, studieturar og studentseminar for næringslivet. Næringspdhsuksessen i VRI har og vore eit synleg resultat for leiinga i HiSF. Dei positive resultata har sørge for ei sterkare forankra deltaking i leiinga enn i dei første to VRI-prosjekta og fleire av dei tilsette er involvert.
  - Kunnskapsparken har med VRI3 fått bygge vidare på og utvikle vidare sine nettverk, og si satsing og støtte for mobilisering til forsking for energi-sektoren i fylket.
  - Njøs frukt- og bær-senter har med VRI3 for første gong fått kjennskap og opplæring i VRI-metodikken. Det er eitt av dei største fagmiljøa på frukt og bær i landet
  - To tilsette i Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått opplæring og kurs og ein er aktivt involvert som meklar innan marin næring. Slik har prosjekteigar også fått aktivt eigarskap til prosjektet og kunnskap om VRI-verkemiddela.
  - Innovasjon Norge Sogn og Fjordane er aktivt med i prosjektet gjennom bedriftsprosjekta og styrerepresentasjon frå den lokale leiinga, og kunnskapen om VRI-verkemiddela og samarbeidet med VRI er utvikla undervegs i konsortiesamlingar og i direktedialog.
- T1.4 har god måloppnåing med R1.4 - gjennom vestforsk.no-prosjektside og ikkje minst ei synleg Facebook-prosjektside med oppdatert aktivitetsinnhald ([www.vrisfj.no](http://www.vrisfj.no)). Prosjektet har både i 2014 og 2015 fått ros for god formidling på Forskningsrådet sine storsamlingar for VRI.

### **3.1.1. Prosjektmobilisering og synlege bidrag i nettverk- Døme**

3.1.1.1. Nettverksprosjekt- Hydrogen, lokalmat og reiseliv, avfall som ressurs, næringsretta it-studium

3.1.1.1.1. Dei gode døma er skissert i 3.2 suksesshistorier

3.1.1.2. Bidrag i nettverk- næringsretta it-studium, strategisk program Fosshaugane Campus

3.1.1.2.1. Dei gode døma er skissert i 3.2 suksesshistorier

3.1.2. Konsortiesamlingar med VRI-styret, deltaking på samlingar for Verdiskapingsplanen og møte om ny bestilling till Regionalt forskingsfond Vestlandet. Arrangør av læringsarena-samling i Stavanger i 2015 og Bergen i 2016. Arrangør av prosjektleiarsamling i Sogndal i 2015.

## **3.2. Utviklingen av FoU-aktiviteter i næringslivet**

- Hvordan og med hvilke resultater har VRI mobilisert til- og økt kvaliteten på forskningsbaserte utviklingsprosjekter i bedrifter, offentlige virksomheter, nettverk og regioner?
- Suksesshistorier
  - VRI1: Intervju1 (2009). WIS, ved entreprenør Jostein Alværn har tatt seg tid til å svare på tre raske spørsmål frå Øyvind og Jøril om korleis dei har opplevd tenesta Kompetansemekling.
    1. Kven er du/de (bedrifa)?
      - WIS (Well Integrity Solutions) er oppretta av to erfarne konsulentar i oljebransjen, Jostein Alværn og Bjarne Kåre Langsteig , som ser bransjeforbetingar i å utvikle tryggare og betre injeksjon av rør i olje/gass- brønner under gitte tilhøve. Satsinga på ny teknologi for å tette brønnar som lek og sikre mot lekasje er sentrert rundt Nessane i Balestrand.
      - WIS gir oljeselskapa ei komplett løsing basert på patentert teknologi for å reparere lekkasjar i ulike olje- og gassbrønnar, både onshore og offshore. Sjå <http://www.w-i-s.no>
    2. Kva var utfordringa de fekk hjelp med?
      - Bedrifa har ved to høve fått hjelp frå Jøril og Øyvind.
      - I 2008 var utfordringa å utvikle grundig kvalitetssikra dokumentasjon på ny teknologi for å tette brønnar som lek og finne rett eksternt kompetansemiljø. Det å detaljert beskrive og klargjøre vidare prosess og prosjekt med økonomiske kostnadskalkyler var nødvendig for å bli vurdert av StatoilHydro, Innovasjon Norge og av investormiljø.
      - Bedrifa vart kopla mot Grenland Group og fekk hjelp til å utforme eit forprosjekt og finne og søke midlar til dokumentasjonsprosjektet.
      - I 2010 var tema Casing Integrated System (System for betre injeksjon av rør i olje/gass-brønnar. )Profesjonell dokumentasjon var igjen "proppen". No for å komme vidare med ei ny Industriell Forskings og Utviklingskontrakt (IFU)-satsing. Det var behov for enkle testar i modellbrønn på Nessane, Balestrand fylgt opp av test i Stavanger på ekte mindre brønn. (Kompetansemiljø: Improved Solutions AS)
      - Bedrifa vart no kopla mot eit anna miljø med rett kompetanse, men søknaden om midlar til dette dokumentasjonsprosjektet vann diverre ikkje fram

3. Korleis opplevde de å få hjelp av Kompetansemekling og har de fått oppfølging?

- Gjennomføring av det første dokumentasjonsprosjektet (som elles ikkje ville blitt gjennomført) og deltaking i VRI-programmet har alt i alt vore ei positiv erfaring.
- Gjennomføring av prosjektet har bidrige til at bedrifta er blitt meir positive til å samarbeide med FoU-miljø.

o VRI1: Intervju2 (2010). LocalHost, ved grunder Sindre Kvalheim har tatt seg tid til å svare på tre raske spørsmål frå Øyvind og Jøril om korleis dei har opplevd tenesta Kompetansemekling.

1. Kven er du/de (bedrifta)?

- LocalHost AS er nyleg etablert i Måløy i Vågsøy kommune. Bedrifta har som mål å bli eit leiande selskap innan datarelaterte tenester og er allereie etablert som solid aktør på tenester og datalagring. Mellom anna kan bedrifta i dag vise fram eit av dei mest sofistikerte miljøvennlige kjøleanlegg i landet. Med nærliek til sjøen vert serverane kjølt ved hjelp av spesielle vannkjølte serverskap og kaldt vann som vert pumpa inn frå havet. Sjå <http://www.local-host.no>
- Innovasjon Norge og Fornyingsdepartementet støtta på slutten av 2009 eit nyskapande og ambisiøst forprosjekt der it-bedrifta LocalHost AS skulle undersøke om det er mogeleg å nytte Lefdalgruvene som grønt datasenter. Saman med eit topplag av næringslivsaktørar har dei no sluttført utgreininga av muleheitene for å etablere eit av verdas største, sikraste og mest miljøvennlege datasentra i Lefdal gruve i Sogn og Fjordane. Hafslund ASA, IBM, North Cape Minerals, DNB Nor, Sogn og Fjordane Energi (SFE), Videonor og Tandberg deltar alle i forprosjektet økonomisk og/eller med fagekspertise og teknologi. Lefdal Gruve kan bli største norske satsinga på datalagring nokonsinne. (Kompetansemiljø: Ulike miljø- NorthCape /Sintef/NTNU, FFI, DNV/Accenture m.fl)

▪ 2. Kva var utfordringa de fekk hjelp med?

- Bedrifta fekk i tidlegfasen hjelp frå Jøril og Øyvind i diskusjonar og utforming av forprosjektsøknad for datalagring i Lefdalgruvene.
- Øyvind var invitert med på gruveomvisning, informasjonsmøte og oppfølgingsdiskusjonen då Fornyingsminister Heidi Grande Røys var i Måløy 18.aug 2009 for å legge fram ein rapport om grøne datasenter som ei framtidig vekstnæring i Norge. LocalHost er trekt spesielt fram i "Sky og Fjordane"-rapporten som ei norsk bedrift med unik kompetanse på datalagring og miljøvennlig kjøling. Bedrifta presentere for Heidi Grande Røys sin plan om eit samla forprosjekt. I etterkant var ei kjernegruppe samla om oppstart av arbeid med ein større søknad til Innovasjon Norge
- Jøril og Øyvind jobba så vidare med skisse til søknaden i Sogndal med input frå Måløy og etter eit par videokonferansar og diskusjonsrunder vart alle nøgde og søknaden sendt. Heldivis var såg Innovasjon Norge med ein gong potensialet og støtta satsinga.
- Øyvind deltok og på avslutningssamlinga i Måløy 24.september 2010 og kompetansemeklarane bidreg saman med mange andre på å formidle dei særsla positive forprosjekteresultata og konklusjonane.

▪ 3. Korleis opplevde de å få hjelp av Kompetansemekling og har de fått oppfølging?

- Bedrifta opplever støtta frå kompetansemeklarane som ubyråkratisk og nyttig, og dei gav eit godt bidrag for å komme vidare med satsinga.

o VRI1: Intervju3 (2010). Yast (er no i 2016 Rocketfarm med 10 tilsette) ved dagleg leiar Halvor Gregusson

1. Kven er du/de (bedrifta)?

- Yast, Leverer verdens enkleste time- og samtaleregistreringstjeneste på web.

2. Kva var utfordringa de fekk hjelp med?

- Skal man lykkes på nett i konkurransen med hele verden spiller design en viktig rolle, kompetansen til det lokale designbyrået, Gasta, hadde nødvendig ekspertise som gav vår funksjonalitet en "look" som profesjonaliserte hele budskapet vi ønsket å gi.

3. Korleis opplevde de å få hjelp av Kompetansemekling og har de fått god oppfølging.

- Uten dette programmet hadde vi utsatt designsatsingen. Noe vi er glad for at vi ikke gjorde ettersom det i ettertid har vist seg svært viktig. Prosjektet kom raskt på beina uten for mye papirformalie som ofte forsinkar slike prosesser. Vi har daglig kontakt med kompetansemeklarane og får oppfølging i form av daglige diskusjoner og oppdateringer.

o VRI1 (2008): Dialog: "Bachelorprogram fra 2010 i fornybar energi med svært gode søker tall, nyt masterstudium i klimatilpassing, over 50 millioner i ekstern finansierte forskningsprosjekter og et titalls vitenskapelige publiseringar. Alt dette er et direkte resultat av et lite VRI-dytt i 2008", sitat 2016, Erling Holden, Professor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Eit vellukka dialogseminar med STOR effekt over tid.

o VRI2-1: Kveiteoppdrettsselskapet Sogn Aqua i Høyanger kommune vidareførte samarbeidet med VRI2 etter vellukka prosjekt i den første VRI-perioden. Samarbeidet starta med at bedrifta hadde behov for kompetanse innafor sjølvreinsing og straumhastigkeit på vatn som vart pumpa inn i produksjonseinininga. Det vart oppretta prosjekt og samarbeid med SINTEF marin, og resultatet vart 50% betre sjølvreinsing ved auka hastigkeit på vatnet og betre forhold og helse for fisken. Samarbeidet var etablert og nye prosjekt initiert gjennom VRI2 – også i samarbeid med SINTEF marin, men denne gangen var det utprøving av

- kveiteyngelproduksjon som tema. Eit forprosjekt vart utarbeida og hjelp til finansiering gjennom VRI Sogn og Fjordane sine prosjektmidlar. Målet var å få gjennomført eit forprosjekt, basert på å ta i bruk stabile naturgitte forhold (temperatur) i Sognefjorden i oppdrettseiniga for kveiteyngelen. Resultat frå forprosjektet var vellykka, og det er vart vidareført i større skala. Søknad om hovudprosjekt for å få meir kunnskap og erfaring med dette vart innvilga av RFF Vestlandet. Produksjon av eigen kveiteyngel vart avgjerande for at bedrifta sin suksess i høve oppdrett av kveite kunne vekse vidare. Det var vanskeleg tilgang på kveiteyngel i marknaden, og ved produksjon av eigen vart grunnlag sikra. I tillegg ligg det potensiale til nye inntekter i sal av yngelen til andre, og bedrifta vil få fleire bein å stå på framover. (Årsrapport2013)
- VRI2-2: KM og Mobilitet: Sogndal fotball satsar på forsking og ny kunnskap i den vidare utviklinga av klubben, saman med idrettsavdelinga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, der målet er eit nasjonalt utviklingscenter for Hovudmålet med prosjektet er å etablere eit Fosshaugane Campus som unikt, nasjonalt utviklingscenter for fotball. Dette skal skje gjennom vidareutvikling av teknologi og nyutvikling av tenester og produkt i det - i nasjonal samanheng- svært unikt samlokaliserte samarbeidet mellom FoU-miljø, næringsliv og toppidrettsaktørar. Kunnskapen som blir utvikla vil danne grunnlag for vidare næringsutvikling på Fosshaugane Campus, ved å utnytte eksisterande infrastruktur for trening, ved å formidle kunnskapen som kjem fram om fysisk og taktisk analyse. Og sist, men ikkje minst, så er Sogndal fotball verksamhetsbedrift for PhD-stipendiat som har prestasjonsmentalitet som tema i si avhandling. Kompetansemeklarane i VRI2 har hatt ei sentral rolle i heile denne utviklinga. Resultat: Næringsphd, Skattefunn, BIA ForNY 2020 og bedrift-spinn off Better Player AS (Årsrapport2013, Årsrapport2016)
  - VRI3-1 (2014): Bedrifter i fylket nyttar Regionalt Forskningsfond Vestlandet. VRI har spelt både ei mobilisering og rådgjevande rolle for to bedrifter. For begge dei to marine bedriftene har verkemiddelet kompetansemekling vore ei sterkt støtte og dialogverkemiddel som seminar har bidrege til større forståing og betre formidling og informasjonsdeling. (Årsrapport 2014)
    - Sogn Aqua AS – Ny satsing på kveite /Sogn Aqua forskar seg til suksess vart profilert bedrift på Vestlandsrevyen etter tildeling av forskingsmidlar i Regionalt Forskningsfond Vestlandet og eige næringsseminar i VRI-regi.
    - Seaweed AS har også i 2014 lukkast og nytt godt av gode råd og informasjon frå VRI-meklarar i prosessen med hovudprosjektsøknad. Denne fekk støtte hjå Regionalt Forskningsfond Vestlandet ved andre tildeling i 2014.
  - VRI3-2 (2014): Andre næringsseminar som innsatsområdet Mat og Reiseliv i VRI har arrangert har og samla bedrifter og skapt blest. «Næringsseminar om reiseliv og lønnsemeld» engasjerte verksemder og tiltaksapparat og resultatet vart både avisartiklar og [NRK-radioinnslag](#) (sak 16, 17 og 21 i ettermiddagsendinga). Sjå «[Vellukka næringsseminar om reiseliv og lønnsemeld 18.nov](#)»
  - VRI3-3 (2015): VRI SFJ har bidrege i mobilisering (dialogmøter) og i prosessen (kompetansemekling) slik at IT-forum Sogn og Fjordane er ein av ti regionale næringsmiljø som får støtte til kompetanseutvikling frå regjeringa- næringsretta IT-utdanning. I alt var det 28 næringsmiljø med i konkurransen om midlane
  - VRI3-4 (2015): VRI har prioritert kopling mellom mat og reiseliv. VRI arrangerte etter grundig forarbeid i vår eit dialogseminar om Lokalmat- bestilling, pakking, transport og historiefortelling med 70 deltakrar. Alle relevante aktørar var der 3.mars, dvs produsentar, kjeder, hotell, verkemiddelapparat og FoU-miljø. Ei prosjektgruppe med godt forankra mandat vart så utnemnt til å utforme ei fellessatsing. Kompetansemeklarar frå VRI fasiliterte vidare arbeidsmøter og møter med Innovasjon Norge, og prosjektgruppa jobba fram ein søknad til nettverksordninga til Innovasjon Norge. Etter gjennomført forstudie kompetansemekla VRI ein ny søknad.
  - VRI3-5 (2015): VRI har kompetansemekla eit kartleggingsprosjekt om potensialet for hydrogensatsing i energifylket og var medarrangør for ein vellukka dialogseminar 9. september i Førde med. VRI har også kompetansemekla vindkraft og bølgekraftsatsingar med [god medieomtale](#)
  - VRI3-6 (2015): Mobilitet: 10 studentar har gjennomført sine bacheloroppgåver i bedriften med presseoppslag etter seminar i Firda og Nrk Sogn og Fjordane. 25 studentar har vore på bedriftsbesøk-turne. Studentar arrangerte reiseliv for framtida 10.nov i Sogndal. Arrangementet fekk [god medieomtale](#)
  - VRI3-7 (2015-16) VRI har vore aktiv aktør og kompetansemeklar i mobiliseringsprosjekt for bruk av avfall som energiressurs til kraftkrevjande industriprosessar. Det blir teke i bruk ny teknologi innført frå Canada, og prospekt for småskala bruk av avfall som energikjelde blir utvikla. Pilotprosjekt er under planlegging, ved å ta i bruk skogressursar i Sogn og Fjordane som råvare til pelletsproduksjon, der energi frå avfall blir viktig ressurs. I same prosjektet er det etablert samhandling og nettverk av bedriften for uttak av skog langs Sognefjorden, og logistikk ved å ta i bruk fjorden som samferdselsåre. Nettverk av bedriftene har etablert 2 ulike selskap for vidare etablering, utvikling og drift.
  - VRI3-8 (2016) VRI har kompetasemekla og vore rådgjevar for nLink AS i søknad om BIA sendt 12.okt på robotisering av byggebransjen med Sintef som kunnskapsmiljø. VRI gav tidleg i 2016 og råd til bedriften i fase då nLink var invitert inn i eit konsoritum og vurderte deltaking. Konsoritet lukkast så med EU-søknad på 40 mill. (Fraunhofer, Technische Universität München (TUM) og Tecnalia m.fl..)
  - VRI3-9 (2016): VRI mobilisert til Interreg-prosjektsøknad for Hortimare AS- CNCA (Closing the Nutrient Circle in Aquaculture), From waste to high-value marine protein source, samt EU-skisse for Lærdal Grønt-konsortium (GEA Proposal- Generalized integrated pEst management for weeds in sustainable Agriculture
- Formidling frå prosjektet
    - Alle VRI-prosjekta har i årsrapportar og statusrapportar levert formidling. I tillegg:

- VRI1 nytt informasjonsmateriale utforma av VRI sentralt og prosjektnettssidene til Vestlandsforskning
- VRI2 utvikla og nytt eiga nettside til å informere om tenesta og suksesshistorier (intervju).
- VRI3 utvikla nytt sosiale media ved ein blogg og ei eiga Facebookside-[www.vrif.no](http://www.vrif.no)- samt eit bidrag om fornybarfylket i eit energi-billag til DN. Både i 2014 og 2015 var VRI Sogn og Fjordane blant dei få som fekk særleg ros for god formidling på Forskingsrådet si årlege storsamling.
- Undersøkelser og data som underbygger vurderingene
  - Ein publikasjon om VRI1 har sett på effekt av kompetansemekling som eit av tre verkemiddel i eit avgrensa område- Vågsøy. Effekten er uklår. Jon Gunnar Nesse, Torbjørn Årethun and Ingjerd Skogseid "Measurable Effects of Three Different Business Development Approaches" In book: Proceedings of the 13th International Conference on Enterprise Systems, Accounting and Logistics (13th ICESAL 2016), Chapter: 2, Publisher: ICESAL, Editors: Vickie Arnold, Constantinos J. Stefanou, Steven G. Sutton, pp.21-48
  - Kompetansemekling- en proaktiv kobling mellom bedrifter og kompetansemiljø (VRI-sekretariatet 2014): [http://www.forskningsradet.no/prognett-vri/Sentrale\\_dokumenter/1224529235284](http://www.forskningsradet.no/prognett-vri/Sentrale_dokumenter/1224529235284)
  - Forsøk med kompetansemegling i kommunesektoren på Vestlandet. Billington, Fosse, Larsen, Lie, & Vedøy 2013 Kompetansemegling for å fremme innovasjon i offentlig sektor: erfaring fra tre fylker <http://www.vestforsk.no/filearchive/km-rapport-hoveddel-okt-2013-1-1.pdf>

### **3.3. Forholdet til RFF og andre virkemidler**

#### **3.3.1. Læringsarena**

##### **3.3.1.1. Vert arrangert årleg VRI og RFF Hordaland, Rogaland, Sogn og Fjordane**

Vri har (med nokre unntak) vore med å arrangert årleg felles læringsarena for Regionalt forskingsfond Vestlandet og VRI i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Innovasjon Norge og fylkeskommunane sine næringsavdelingar deltok og. Dette har vore vellukka

##### **3.3.1.1.1. Oppfølging med telefonmøter mellom prosjektleiarar og sekretariatsleiar**

Etter ei særskilt vellukka læringsarena 6.-7.mai 2015, med 27 deltagarar, har det vore jamlege telefonmøter mellom prosjektleiarane for VRI og sekretariatsleiar i RFF Vestlandet.

## **4. Samlet vurdering**

Hovedvekt på VRI 3, men gjerne kommentarer i et lengre tidsperspektiv

- Hva er det viktigste VRI-arbeidet har tilført regionen?
  - Vi trur som nemnt at VRI har vore ei kraft som aktivt har jobba for mobilisering til forsking i ein region som i følgje SSB-tal ikkje har hatt stor auke i bedriftene sin forskingsinnsats. VRI 1,2, og 3 har vore ein pådrivar for forskingsbaserte utviklingsprosessar og fått fram gode forskingsprosjekt til regionale, nasjonale og internasjonale finansieringsordningar
  - Sogn og Fjordane har hatt mindre budsjett enn andre fylke, men sjølv med små midlar har det vore god aktivitet. Vi var det siste fylket som kom i gong med VRI3-samhandlingsprosjekt
  - Vi trur VRI-arbeidet har tilført regionen verdi gjennom måloppnåinga skissert i 3.1.
    - VRI har i større grad enn lova fasilitert og vore aktive på møteplassar for næringslivet med formålet å mobilisere til forsking.
    - VRI3 har bidrege til læring mellom dei ulike VRI-prosjekta og RFF Vestlandet med eit årleg felles læringsarena følgt opp av telefonmøter mellom prosjektleiarane i VRI og leiar av RFF Vestlandet.
    - VRI3 tok på seg ei utfordrande rolle i å jobbe for å innføre betre strukturar og rutinar.
      - Dei faste styremøta er som planlagt utvida til konsortiesamlingar. Der har temaleiarar presentert erfaringar og case og diskutert rutinar og beste praksis med styret. Styret har og reflektert over strukturar, men dette har ikkje i seg sjølv endra strukturane.
      - Prosjektleiar i VRI har og deltatt på møte og samlingar om iverksetjing av Verdiskapingsplanen til fylket, i møte med Næringsforum og i møte med RFF-representanten i fylket, Arne Monrad Johnsen.
      - Dag Lothe er fast medlem på dei fire formelle arbeidsmøta til delprosjektleiarane i året. Han har kontor hjå IN på Leikanger og tett kontakt med RFF Vest-representanten i fylket. God dialog med IN sine kundeansvarlege har vore knytt til prosjektinitiativa, nokre felles dialogmøte (som Velferdsteknologi-informasjonsmøte og informasjonsmøte i Næringshagar som td i Stryn) og vi har føreset at tett dialog er sikra med Dag Lothe si aktive observatørrolle.
      - Strukturutvikling hjå partnarane har vore positiv.
        - Vestlandsforskning i forkant av prosjektet sikra forankring i leiing og styre for at denne måten å arbeide på skal ha prioritet og har underveis utvikla forskarar til å kunne ta i bruk verktøykassa i VRI. Dialogen og kontakten med deler av næringslivet i fylket har difor blitt tettare. Kontakten med dei andre partnarane er styrkt og vidareutvikla i prosjektet.

- HiSF har med studentmobilitet utvikla ein tettare kontakt med næringslivet som synleg resultat av VRI. Internt har dei små VRI-midlane vore utløysande for ei varig endring, med bacheloroppgåver, studieturar og studentseminar for næringslivet. Næringspdh-suksessen i VRI har og vore eit synleg resultat for leiinga i HiSF. Dei positive resultata har sørge for ei sterkare forankra deltaking i leiinga enn i dei første to VRI-prosjekta og fleire av dei tilsette er involvert.
- Kunnskapsparken har med VRI3 fått bygge vidare på og utvikle vidare sine nettverk, og si satsing og støtte for mobilisering til forsking for energi-sektoren i fylket.
- Njøs har med VRI3 for første gong fått kjennskap og opplæring i VRI-metodikken
  - To tilsette i Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått opplæring og kurs og ein er aktivt involvert som meklar innan marin næring. Slik har prosjekteigar også fått aktivt eigarskap til prosjektet og kunnskap om VRI-verkemiddela.
- Innovasjon Norge Sogn og Fjordane er aktivt med i prosjektet gjennom bedriftsprosjekta og styrerepresentasjon frå den lokale leiinga, og kunnskapen om VRI-verkemiddela og samarbeidet med VRI er utvikla undervegs i konsortie-samlingar og i direktedialog.
- T1.4 har god måloppnåing med R1.4 - gjennom vestforsk.no-prosjektside og ikkje minst ei synleg Facebook-side med oppdatert aktivitetsinnhald ([www.vrisfj.no](http://www.vrisfj.no)). Prosjektet har både i 2014 og 2015 fått ros for god formidling på Forskingsrådet sine storsamlingar for VRI.
- Har dere laget nyhetssaker som sier noe om dette kan de også brukes inn her
  - Ja! Viser til suksesshistorier over i kapittel 3.2.

## 5. "Veien videre" Styringsgruppens vurdering av de viktigste utfordringene framover:

- Vurderinga av vegen vidare for VRI gjorde styret på møte den 16.mai
  - «Vi ser at frå VRI2 og fram til no i VRI3 er det blitt meir bredde i mobiliseringa, og frå oppstart av VRI3 til no er inntrykket at prosjektet er meir forankra hos næringslivet.
  - Men, det er fortsatt for mange bedrifter som ikkje kjerner programmet og dei moglegitene som ligg i forskingsbasert innovasjon. Ein strategi kan vere å jobbe meir målretta mot færre aktørar.
  - Det er viktig å få fram gode døme på bedrifter som har hatt nytte av FoU for å mobilisere fleire til å nytte moglegheitene som ligg i samarbeid med forskarar. Vi må ta høgde for avstand i språket mellom akademia og næringsliv.
  - I VRI3 vert det arbeidd både i breidda og i djupna, og på nokre område er VRI utslagsgjenvende og på andre støttande. Å følgje opp etter dialogkonferansar for å unngå at prosessar stoppar er viktig
  - EU-prosjekt er krevjande å delta i både for bedrifter og forskingsmiljø. Men no kanaliserast meir midlar til EU og det er viktig at fylket har evne til å delta på den internasjonale FoU-arenaen. FoU-miljø i fylket har erfaring med EU-prosjekt. Mogleg vi kan gi innspel til sparebankstiftinga om kapitalterskel for næringslivet for å delta i EU-prosjekt.
  - VRI har spela ei viktig rolle i studentmobiliseringa til bedriftsoppgåver, der VRI har verka strategisk for studentoppgåver på dei prioriterte innsatsområda
  - Dei fire verkemidla som er nytta i VRI3, dialog, kompetansemekling, bedriftsprosjekt og mobilitet, har fungert etter hensikta. Eit verkemiddel i VRI vi burde utvikla meir er møta mellom bedrifter og forskarar. Vi bør få betre fram kva VRI er og kva VRI kan bidra med, som til dømes ordet «kompetansemekling». Vi bør tenke på tvers av næringar
  - I neste periode bør vi fortsette å holde fokus på prosjekt og prosessar som er starta opp i VRI3 og som vi er inne i. «Vi må kjøre så langt at vi landar godt.»
- Styreleiar avslutta siste styremøte i Florø 15.november med at VRI ikkje har gjort seg ferdig med temaet Innovasjons-infrastruktur og vektlegg på vegne av fylkeskommunen følgjande tilråing (vedlegg 3):
  - Offentlege aktørar som ikkje treng prosjektfinansiering (eller er avhengig av kontinuerleg finansiering) må bli tydeleg utfordra til å ta i bruk tenester utvikla gjennom VRI:
    - Innovasjon Norge (samarbeid med regional representant for NFR)
    - Regionalt forskingsfond
    - Høgskulen i Sogn og Fjordane
  - Private aktørar som er avhengige av kontinuerleg offentleg finansiering, får tilbod om opplæring slik at dei kan utvikle si rolle også med hjelp frå verkemiddel utvikla i VRI
    - Inkubatorane / Næringshagane/Andre?
  - Vestlandsforskning (treng ikkje tilbod om opplæring !)
  - Tidsavgrensa satsinger / program får tilbod om opplæring slik at dei kan utvikle si rolle også med hjelp frå verkemiddel utvikla i VRI
  - Fylkeskommunen vert utfordra til å følgje opp desse råda frå VRI-styret